



Arkivnr: 2017/573-5
Saksbehandlar: Jone Engelsvold

Delegert saksframlegg

Fylkesrådmannen etter fullmakt

Styrings- og administrasjonsutgifter RFF Vestlandet 2017

Samandrag

Hordaland fylkeskommune er vertsfylke for Regionalt forskingsfond Vestlandet som femner Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane. Det betyr at ansvaret for dei økonomiske – og administrative oppgåvene i fondet ligg til Hordaland fylkeskommune, men i samarbeid med dei to andre fylkeskommunane. Fondet har eit eige styre, der mellom anna dei tre fylkesordførarane møter. I perioden 2016 – 2017 er fylkesordførar Solveig Ege Tengesdal frå Rogaland styreleiar.

Midlane til Regionalt forskingsfond Vestlandet vert løyvt direkte over Statsbudsjettet.

I brev frå Kunnskapsdepartementet til Hordaland fylkeskommune datert 20. januar 2017 er Regionalt forskingsfond Vestlandet tildelt kr 39.324 000 over Statsbudsjettet for 2017.

Det er lagt opp til at Regionalt forskingsfond Vestlandet i 2017 nyttar kr. 3 305 000 av overføringa frå departementet til administrasjons- og styringskostnader.

Arbeidet med å administrere Regionalt forskingsfond Vestlandet er prega av betydeleg prosjektportefølje og eit årshjul med mange oppgåver. Fondet tok i 2016 imot 179 søknader og tildelte kr. 59 252 000 i støtte til forskingsprosjekt. Sekretariatet betener til ei kvar tid oppfølging av omlag 100 aktive forskingsprosjekt, og legg stor vekt på mobilisering til å nytte forskning som verktøy i innovasjon, verdiskaping og omstilling på Vestlandet.

I retningslinjer for Regionale forskingsfond slår Kunnskapsdepartementet fast at "Vertsfylkeskommunen skal sørge for at fondsstyret har et velfungerende sekretariat som kan ha det daglige administrative ansvaret for driften av fondet, forberede og tilrettelegge fondsstyrets arbeid og iverksette dets vedtak".

Ein samarbeidsavtale regulerer fordeling av ansvar og ressursar mellom dei tre fylkeskommunane som deltek i fondsarbeidet. Samarbeidsavtalen vart desember 2014 fornya for 5 år gjennom vedtak i dei tre fylkesutvala. – (ref FUV sak 293-2014, i møte 4 desember 2014).

Innan rammene av retningslinjene frå Kunnskapsdepartementet og avtalen mellom fylkeskommunane, har det sidan start av ordninga i 2010 vore ei administrativ avgjerd i Hordaland fylkeskommune å fastsette eit meir detaljert styrings- og administrasjonsbudsjett. I samband med utarbeiding av budsjettet er det ført

samtale med dei andre to fylkeskommunane. Fylkesutvalet i Hordaland får saka seg framlagt som melding. Saka greier ut fordelinga av midlar til dei ulike kostnadskategoriene for arbeidet.

Vedtak

1. Ramma for Styrings- og administrasjonsoppgåvene til Regionalt forskingsfond Vestlandet skal i 2017 vere kr. 3.305.000. Hordaland fylkeskommune har sekretariatsleiaransvar og utfører oppgåva i samarbeid med Sogn og Fjordane fylkeskommune og Rogaland fylkeskommune
2. For 2017 vert det lagt opp til slik kostnadsfordeling av administrasjonsressursane i Regionalt forskingsfond Vestlandet:

| | | |
|--|------------|------------------|
| Sekretariatet - stillingsressursar | kr. | 2.590.000 |
| Sogn og Fjordane kr. 680.000 –0,80 stillingsressurs | | |
| Rogaland kr. 330.000 - 0,40 stillingsressurs | | |
| Hordaland kr. 1 580.000 - 2,0 stillingsressurs | | |
| Drift av sekretariatet – mobilisering - kjøp av tenester | kr. | 435.000 |
| Styret – utgifter til møter, reise & honorar | kr. | 280.000 |
| SUM | kr. | 3.305.000 |

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 20.03.2017

Saka gjeld kostnader til administrasjon for Regionalt forskingsfond Vestlandet i 2016.

Nærare om ansvaret som vertsfylke for Regionalt forskingsfond Vestlandet

Kunnskapsdepartementet har gitt retningslinjer som gir ei rekkje føringar for gjennomføringa av ordninga med regionale forskingsfond. I omtalen av rolla som vertsfylke gjeld mellom anna følgjande:

- Vertsfylkeskommunen skal ha det administrative og juridiske ansvaret for det regionale forskingsfondet.
- Vertsfylkeskommunen er mottakar av fondsmidlane frå Kunnskapsdepartementet og skal utbetale midlar i samsvar med fondsstyret sine vedtak.
- Vertsfylkeskommunen er ansvarlig for ei tilfredsstillande forvaltning av fondsmidlane og for å utarbeide et årlig regnskap for bruken av desse.
- Vertsfylkeskommunen skal sørge for at fondsstyret har eit vel fungerande sekretariat som kan ha det daglege administrative ansvaret for drifta av fondet, førebu og legge til rette for fondsstyret sitt arbeid og setje i verk styret sine vedtak.

Endringar i budsjettet for 2017

I framlegg til statsbudsjett for 2017 var det ført opp 45,2 mill. kr i overføring til Regional forskningsfond Vestlandet. 38,8 mill. kr av dette var basert på faste kriterier, medan 6,4 millionar kroner var ei ekstra løyving for å bidra til omstilling innan arbeids- og næringsliv på Vestlandet.

Desse tala er lagt til grunn i budsjett for Hordaland fylkeskommune i 2017.

Budsjettet for dei regionale forskingsfonda endra seg frå Kunnskapsdepartementet sitt framlegg i oktober 2016 til endeleg vedtak. I samband med endeleg budsjettavtale like før jul 2016 vedtok Stortinget ei redusert løyving for alle dei regionale forskingsfonda, men skjerma den særlege satsinga på omstilling til RFF Vestlandet.

Overføringa frå Kunnskapsdepartementet for 2017 er på dette grunnlaget fastsett til kr. 39 324 000. Departementet har bestemt at styrings- og administrasjonskostnader ikkje skal overstige omlag 7 % av samla løyving over Statsbudsjettet.

Endeleg tilsegnsbrev frå Kunnskapsdepartementet kom først 20. januar 2017, noko som har gjort det vanskelig å kutte i planlagde kostnader sidan oppgåvene ikkje har endra seg. Hordaland fylkeskommune har derfor meldt Kunnskapsdepartementet at ein for 2017 strekk den øvre ramma for administrasjon på «omlag 7 %» av samla overføring til 8,4 %, og fått aksept for dette.

Det er lagt opp til at Regionalt forskingsfond Vestlandet i 2017 nyttar kr. 3 305 000 av overføringa frå departementet til administrasjons- og styringskostnader. Dette er kr. 289 000 ned frå 2016, då samla utgifter til dette føremålet var kr. 3 594 000.

Samarbeidsavtalen mellom deltakarfylka

Hordaland fylkeskommune har gjennom fornya avtale med Sogn og Fjordane og med Rogaland fylkeskommune teke på seg å vere vertsfylkeskommune for Regionalt forskingsfond Vestlandet – (ref FUV sak 293-2014, i møte 4 desember 2014).

Samarbeidsavtalen slår fast at alle dei tre fylka skal ha tilført administrative ressursar for å sikre ei god utvikling av fondsarbeidet. Avtalen fastsett rammer for samarbeidet, men det er dialog mellom fylka om tilpassing av dette før kvart budsjettår.

I 2017 er det lagt opp til at Sogn og Fjordane skal få tilført midlar tilsvarende 80 % stilling, Rogaland 40 % stilling og Hordaland 200 % stilling. I tillegg skal det setjast av midlar til styrehonorar, reisekostnader og andre driftsutgifter i samband med sekretariatet.

Nærare om fordeling av midlar til styring og administrasjon i 2017

I fordeling av midlar er det for 2017 lagt opp til ein refusjonskostnad per stilling på kr. 800.000. Dette skal dekke alle kostnader til løn og sosiale utgifter (overhead).

Andre større utgifter til sekretariatet gjeld særleg reise. Fondssekretariatet deltek på møte både med Forskningsrådet og dei andre fondssekretariata. Det er også reiseverksemd internt på Vestlandet.

Vidare er det sett av midlar til oppfølging av den vedtekte informasjonsstrategien og til ekspertpanel for forprosjektsøknader/regional kvalifiseringstøtte. Slike panel er sett saman av eksterne fagekspertar frå regionen, og deira arbeid er å gi faglege vurderingar av prosjektsøknader.

Det er også lagt opp til ei eiga satsing på mobilisering av søkjarar. Mykje av dette skjer gjennom prosjektverkstader, søkjar seminar og møte med interessentar for ordninga.

Det vert på denne bakgrunn lagt opp til følgjande fordeling av ressursane til administrasjon av fondet:

Stillingar

| | |
|---|---------------------|
| 80 % stillingsressurs i Sogn og Fjordane | kr. 680.000 |
| 40 % stillingsressurs i Rogaland | kr. 330.000 |
| 200 % stillingsressurs i Hordaland fordelt på sekretariatsleiar (50 %) & rådgivar (50 %) og 100 % stillingsressurs rådgivar økonomi | kr. 1 580 000 |
| Sum lønsutgifter: | kr.2.590.000 |

Driftsutgifter

| | |
|---|--------------------|
| Reiseutgifter | kr. 150.000 |
| Kjøp av tenester informasjon/forskningsformidling | kr. 100.000 |
| Mobiliseringstiltak/oppfølging søkjarar | kr. 60 000 |
| Fagekspertar panel | kr. 120.000 |
| Andre driftsutgifter | kr. 5.000 |
| Sum sekretariatet utgifter | kr. 435.000 |

Utgifter til styret sitt arbeid

Kostnader til styret sitt arbeid handlar om gjennomføring av møte. For 2017 er det budsjettert med 4 møte. Utgiftskategoriane er reise, leige av møtelokale/mat og refusjon/honorar til medlemene. I tillegg er det ønskjeleg at styremedlemer deltek på årskonferansen for Regionale forskingsfond, som i 2017 skal vere i Sandefjord.

System for refusjon av utgifter og for utbetaling av honorar

Eit forenkla system for refusjon av utgifter og for møtegodtgjersle til styret vart innført i 2012. Denne ordninga vert vidareført i 2017.

Det vert lagt opp til ei utbetaling av kr. 2.750,- for kvar gong eit styremedlem eller eit varamedlem deltek på styremøte. Summen bygg på det som er satsane for møtegodtgjersle og refusjon av utgifter i politiske utval i Hordaland fylkeskommune. Beløpet per møte er likevel noko høgare og skal dekke mindre reiseutgifter, kompensere for tap av inntekt og samstundes utgjere møtegodtgjersla for styrearbeidet.

Utgift til kjøp av reisebillettar (fly, tog, båt etc) og eventuell overnatting i samband med møta kjem i tillegg. Styremedlemene skal bestille slike direkte gjennom Hordaland fylkeskommune sin reiseoperatør. Utgiftene vert sidan fakturert Regionalt forskingsfond Vestlandet etter gjeldande avtalar med reiseoperatøren. Andre utgifter, som parkering, bompengar med meir vert føresett dekkja av den faste utbetalinga per møte (sjå over). For dei styremedlemene som har vesentlege reiseutgifter som ikkje kan bestillast på førehand vil det etter avtale framleis vere opning for å nytte reiserekning. Det er likevel ein klår målsetnad å redusere bruk av reiserekning mest mogeleg.

Unnateke for ordninga er også tapt arbeidsinntekt når dette utgjør eit beløp høgare enn kr 2.750,- for kvart møte.

Slikt krav om ytterlegare kompensasjon for tapt arbeidsinntekt må verte dokumentert slik dette er nedfelt i dei retningsliner som gjeld for refusjon av utlegg/tap av arbeidsinntekt i Hordaland fylkeskommune sitt reglement for politiske utval:

- Erstatning for tapt arbeidsinntekt vert dekket med inntil kr. 3.443,- + sosiale utgifter (feriepengar, arbeidsgjevaravgift, pensjon) pr. dag når det vert dokumentert med trekk i løn. *Trekk i løn skal dokumenterast av arbeidsgjevar.*
- Sjølvstendig næringsdrivande får dekket tap i inntekt med inntil kr 4.132,- når tapet er *dokumentert med oppgåve frå arbeidsgjevar/firma.* Utan dokumentasjon for tapt inntekt får denne gruppa erstatta kr 1.378,- per dag.

Det vert lagt opp til ei årleg samla utbetaling av godtgjersle og andre krav til refusjon, som tapt arbeidsinntekt.

Budsjettet for styreutgifter er redusert kr. 20 000,- frå 2016 til 2017 som følgje av nedgangen i overføring frå Kunnskapsdepartementet. Budsjettet har slikt oppsett:

Budsjett i samband med styret sitt arbeid

| | |
|--|-------------------|
| Reiseutgifter/overnatting | kr.100.000 |
| Møtegodtgjersle | kr.120.000 |
| Diverse utgifter styret | kr. 60.000 |
| Sum utgifter i samband med styrearbeidet | kr.280.000 |